

# ÅRSMØTE 2016

*Sundag 30. Okt. kl. 1900  
I Rået*

## SAKER

- Godkjenning av innkalling og saksliste.
- Godkjenning av årsmelding 2016.
- Godkjenning av rekneskap 2016.
- Årsplan / budsjett 2017.
- Medlemspengar for 2017.
- Val.
- Ammunisjonssubsidiar for 2017.
- Innandørs skytebane.
- Innkomne saker.

# Årsmelding 2016.



## Styret      **2016**

<b>Leiar</b>	Svein Medås
<b>Kasserar</b>	Gunnar Lussand
	Heidi Medås
	Steinar Skår
<b>Ungdomsutvalet</b>	Ingebjørg Folkedal

## Jegergruppa      **2016**

<b>Leiar og styremedlem</b>	Sigmund Skår
	Sjur Elvatun
	Nils Vambheim
	Anders Prestegård
	Arne Mjelde
	Jostein Midtun

## **SKYTEAKTIVITETEN.**

Granvin Skyttarlag har arrangert 6 stk. stemner dette året; Lagsmeistarskap på felt og bane, Granvin stemnet med 193 deltarar og alle dei vanlege interne karusellane. Me brukar å skyta innandørs på Voss om vinteren, men den hallen var stengd p.g.a. flaumskadar.

Under årets Landskyttarstemna i Målself stilte Granvin med 3 deltarar.

Treningsiveren og oppslutnaden på 200 meter og 100 meter kunne ha vore større. Me må prøva å leggja til rette for dette til neste år.

## **STYRET OG SKYTEBANEN.**

Styret har hatt 4 styremøte og har handsama 19 saker. Hovedsakene har vært 15 m innandørs skytebane og grunnkjøp.

I år som før er jegerane den største gruppa i laget, medlemstalet dette året er nå 416. Du er medlem i eit skyttarlag til du melder deg ut. Hjå oss vert du flytta til historiske medlemmer når du ikkje har betalt kontingent dei 2 siste åra.

Dette året har 330 betalt kontingent.

## **JEGERGRUPPA ved leiar: Sigmund Skår.**

Jegergruppa har fungert flott og løyst dei oppgåvane som dei skal gjera. På jegerskytinga i Skår vart det Sigmund Skår som vart årets jegermeistar.

Ein starta med jegerskytingane i mai. Dette året var det stengt i fellesferien. Tilbod kvar fredag og enkelte laurdagar. 324 stk. jegerar tok skyteprøven for storviltjegerane på banen i år. Det kom også 8 stk. jegerar som kjøpte seg trening og oppskyting hjå oss.

## **UNGDOMSARBEID ved Ungdomsleiar: Ingebjørg Folkedal.**

Nå når vår 15 m innandørs skytebane er klar og me kan tilby eit tilbod om vinteren også så håpar me at det skal visast igjen til neste år. Me har til mål at me skal arrangera skyteskule denne hausten og ha fast innandørs trenings kveld.

## **ØKONOMIEN ved Kasserar : Gunnar Lussand.**

Det er bygging av den nye miniatyrbanen som har hatt fokus dette året.  
Men drifta av laget har likevel gått som normalt

Vår innandørs bane er no ferdig og me har motteke ferdigattest frå Granvin Herad og den er tryggleiksgodkjendt frå Hordaland politidistrikt.

Total kostnad	Kr. 1.422.000,-
Eigeninnsats	kr. 203.000,- (må godkjennast)
Grunnlag for tippem.søknad	<u>Kr. 1.625.000,-</u>

Rekna med at skyttarlaget no er på 1. pri. frå Granvin Herad når det gjeld tippemiddelsøknad.

**Me fullførte prosjektet innanfor budsjetterte kostnader.**

Jegergruppa har som vanleg hatt ansvar for trening og oppskyting for jegerane.  
**Dei gjer ein kjempejobb og står for ein stor omsetnad av ammunisjon, som gjev skyttarlaget gode inntekter.**

Vidare kan nevnast tilskot og sponsing:

Nortura	kr. 5.000
Voss Sparebank	kr. 5.000
Grasrotmidlar	kr.15.000 (ca.)
Frifond (dfs)	kr.13.000

Elles er det positivt at me framleis er i posisjon til å få kompensasjon for lotteriinntekter:

**Kr. 24.000**

Men det er medlemskontingenenten som er den største inntektsposten.

**Kr. 95.000 i år**

**Det har vore eit hektisk, spennande og interessant år.**

## **LAGSMEISTAR 2016.**

**Baneskyting:** Svein Medås lagmeister i kl. 3-5, John Blomli i V65 og Olav T. Lekve i V73.

**Feltskyting:** Steinar Skår lagsmeistar i kl. 3-5. John Blomli i V65 og Olav T. Lekve i V73.